

KYRKJEBLAD FOR ÅL



EIT GJENNOMTENKT VAL / REIS TIL KINN OG BLI RIK! / GLAD, NYVALD BISKOP FRÅ ÅL
NY KYRKJELYDSPEDAGOG / ALVOR OG LEIK I KYRKJA / DROP-IN DÅP OG BRYLLAUP

NR. 1 | 2023 | 64. ÅRGANG



Foto: Geir Wiknes

Tre glade frivillige i våpenhuset i Ål kyrkje 1. påskedag i fjor. Liv Margit Sørbøen (f.v.), Tore Arnegard og Tor Sletten er klare til å gå prosesjon saman med sokneprest Geir Wiknes. Wiknes er fotografen.

Påskemorgen slukker sorgen, slukker sorgen til evig tid; Den har oss givet lyset og livet, lyset og livet i dagning blid.

TEKST: N.F.S. GRUNDTVIG 1843, FRÅ SALME 196 I NORSK SALMEBOK 2013

Ein god start på dagen

Morgonandakten har vorte sendt på radio heilt sidan 1931, og blir sendt tre gonger dagleg; klokka 05.33 på P1, klokka 07.20 på P1+ og klokka 08.20 på distriktssendingane. Det er 37 forskjellige andaktshaldarar, både leke og lærde, for eksempel Ragnhild Jepsen, Linn Skaaber, Henrik Syse, Jan Erik Larsen og Trygve Skaug.

Er du av dei 360.000 som vanlegvis får med deg morgonandakten på NRK? Sjølv synest eg det er svært godt å få med meg tre minutt med ettertanke, Fader vår og velsigning og helst ein sang eller salme som understrekar budskapet.

I 2021 var det nettopp Morgonandakten som fekk Petter Dass-prisen, ein årleg pris som avisa

••••• I KYRKJEPORTEN



Av Liv Margit Sørbøen

Vårt Land deler ut. I grunngevinga for prisen seier juryen at det ikkje er nokon tvil om at NRK Morgonandakten er i ein eigen klasse når det handlar om å nå ut med kristen tru i det offentlege rom.

«Vi håper NRK tar denne prisen som en oppfordring til å fortsette å forvalte den kristne kulturarven vår på en god og bærekraftig måte», sa Vårt Lands sjefredaktør Bjørn Bore då han delte ut prisen. Vidare sa han og at det er sterkt å tenke på kor mange som ser på desse tre minutta som dagens høgdepunkt, og som får ro og mot til å ta mot dagen slik han kjem. Produsent Hanne Næss Tremoen rosa andaktshaldarane for deira mot til å by på seg sjølv, ønsket deira er at

«Radioandakta set kristen tru og Gud på dagsorden.»

andakten skal bli forstått av alle som høyrer på. Andakten rører, engasjerer, provoserer og irriterer, men det viktigaste er at han set kristen tru og Gud på dagsorden, seier ho.

Sjølv synest eg det er fint å høyre på andaktshaldarar med ulike vinklingar på trusformidlinga, Fadervår, og ikkje minst velsigninga til slutt.

Ein annan god start på dagen er for eksempel å laste ned podkasten «Plussord» på mobilen der gode formidlarar som Egil Svartdal, Sunniva Gylver og Thor Haavik fokuserer på eit bibelord kvar dag. Eller ein kan laste ned dagens bibelord, eller for eksempel abonnere på Bibelleseplanen dag for dag.

Alt dette er ein god start på dagen som er verdt å prøve!

Støtt kyrkjebladet!

Kyrkjebladet for Ål slit økonomisk. I fjor kosta det 115.377 kr å gje ut dei fire nummera av bladet. Dei friviljuge bladpengane gav 29.992 kr i kassa (giro og vipps), og gaver og ofringar 7.540 kr. Me fekk altså inn til saman 37.532 kr. Tusen takk!

Alle skjønar at med slike tal, blir det krevjande å gje ut bladet. Soknerådet har tidlegare bestemt at me ikkje skal ha annonsar, men det prinsippet står truleg for fall. Kyrkjevevja og soknerådet arbeider no breitt med spørsmålet om korleis ein kan betra økonomien. Det som heldigvis står fast, det er at eit kyrkjeblad på papir, det vil soknerådet og fellesrådet ha!

Me vonar at det også gjeld deg som lesar. I årsmeldinga for kyrkjebladet heiter det mellom anna:

«Papirversjonen av bladet er sjølv sagt viktig for nokon, og kanskje aller mest for dei eldre som førebels ikkje er så mykje på nett. Kyrkjebladet er med på å gje oss i bygdene i Ål ein identitet. Om det ikkje alltid står så mykje her, og bladet ikkje kjem ut så ofte, så er bladet med på å spegla aktivitet og trusliv i kyrkje og lokalsamfunn, og at kyrkja er her for deg! Kyrkjebladet gjer kyrkja meir synleg, er til stades, skaper kontakt, informerer, skaper ettertanke - og er ein viktig bindelekk mellom kyrkje og folk.»

Red.



Slik såg 2022-årgangen for kyrkjebladet ut.

Vil du støtta oss?
Frivillige bladpengar for 2023 er 300 kr, men me er glade for alle bidrag og gaver, store som små.
Vipps 627063
Bankgiro 2320 20 70272

KYRKJEBLAD FOR ÅL

REDAKSJON Birger Bolstad (redaktør) • Liv Margit Sørbøen | Dei usignerte artiklane har redaktøren skrive
BANKGIRO 2320.20.70272 | VIPPS 627063 | ADRESSE Postboks 140, 3571 Ål | UTGJEVAR Leveld, Torpo og Ål sokneråd
GRAFISK PRODUKSJON Kreator, Torget 6, 3570 Ål, www.kreator.no

KYRKJA I ÅL

KYRKJEKONTORET Ope tysdag-fredag kl. 08.30-14.00 | Tlf. 32 08 61 61 | aal.kyrkje@hallingnett.no | www.aal.kyrkje.no
PROST Sveinung Hansen | SOKNEPREST Geir Wiknes | PROSTIPREST Ingrid Finsådal Bakke | KYRKJEVERJE Trond Berthelsen Augunet | SEKRETÆRAR Guro Stave • Elin Etterlid Tveito
KANTOR Audun Flaen | MUSIKARAR Ingunn Stræte • Håkon Tveito | DIAKON Hilde Kirkeboen • Målfrid Bergaplass (vikar) | KYRKJELYDSPEDAGOG Elisabeth Husøy (frå 1. juni)
REINHOLDAR Rezene Habtom | KYRKJETENARAR Håkon Tveito • Morten Storhaug • Tom Vidar Myrestølen | SOKNERÅDSLEIAR Einar Brattegard | FELLESRÅDSLEIAR Torfinn Slåtto

Eit gjennomtenkt val

Det er snart påske. Den kristne påska er ei veke med store kontrastar. Først jubel og hyllest då Jesus rei inn i Jerusalem og folket ville ha han til konge. Dette vart avløyst av dårleg stemning då Jesus rydda ut dei som dreiv handel på tempelplassen.

Seinare i veka, under påskemåltidet, vart ein forrædar avslørt mellom dei aller næraste. Og meir svik kom for dagen då Peter forneakta sin beste ven. Stemninga endra seg frå hosianna til korsfest. Eit mørke fall over alle då Jesus døydde. Døden og sorga var botnlaus då sabbatsfreden kom. Alt håp var ute og venene til Jesus låste seg inne.

Men alt som skjedde desse dagane, det visste Jesus om. Han visste om svik, pine og død. Og på tross av det, så var han villig. Målet til Jesus var å opne vegen til Gud, noko han var den einaste som kunne gjere. Jesus tok eit gjennomtenkt val - i rein kjærleik.

- Difor endar påskeveka i eit stort HALLELUJA ved den tomme grava!

Då Jesus gjekk opp mot Golgata, visste han at han bar syndene til menneske som aldri kom til å tru på han, til menneske som kom til å fornekte han og spotte han. Men han gjekk likevel. For menneska, for deg og

ANDAKT



Av Johanne Marie Jordet

meg. Fordi han elsker akkurat deg. Og så hadde ikkje døden makt til å halde på Jesus. Difor endar påskeveka i eit stort HALLELUJA ved den tomme grava! Nå kunne Jesus rekke ut sin nåde til oss, eit dyrkjøpt dekke av Guds kjærleik.

For eg er viss på at verken død eller liv, verken englar eller krefter, verken det som no er eller det som koma skal, eller noka makt, verken det som er i det høge eller i det djupe, eller nokon annan skapning, skal kunna skilja oss frå Guds kjærleik i Kristus Jesus, vår Herre. (Rom 8,38-39).



Frå bibelkvelden på Evjens Minne. Forteljaren Sigurd Dahle saman med tidlegare sokneprest Vigdis Moen Storhaug (t.h.) og Ida-Kristin Tovstaul frå Buskerud teater.

Jesus - frå fødsel til himmelfart

Dei over 30 frammøtte fekk ei sterk oppleving då Sigurd Dahle og Vigdis Moen Storhaug hadde ein fin bibelkveld på Evjens Minne søndag 12. februar.

Sigurd Dahle har fleire gonger gleda mange med ulike bibeltekstar som han har lært seg utanåt. Denne gongen var ideen hans å framføre ulike tekstar frå kyrkjeåret 2022, 3. tekstrekke, med fokus på Jesus, frå fødsel til himmelfart. Vigdis Moen Storhaug batt det heile fint saman ved blant anna å vise fram stolaer med dei ulike liturgiske fargane; fiolett, kvitt, raudt og grønt, som blir brukt gjennom heile kyrkjeåret. Sigurd har fått god instruktørhjelp av Ida-Kristin Tovstaul frå Buskerud

teater. Som han sjølv sa, so lærer han seg tekstar utanåt ved å dele opp tekstane og øve systematisk del for del. Men han gjev mykje ros til instruktøren som har lært han å formidle tekstane på ein levande måte med svært få rekvisittar.

Me håpar han kan glede kyrkelyden med ulike bibeltekstar på gudstenester framover og!

Av Liv Margit Sørbøen (tekst)
og Roar Halvåg (foto)

Fasteaksjonen 2023

Tysdag 28. mars samlar konfirmantane våre og andre frivillige inn pengar til Kirkens Nødhjelps fasteaksjon, «Håp i ein drope vatn». Eit håp kan mange stader i verda byrja med ein drope reint vatn og gje ei framtid utan svolt, fattigdom, sjukdom og konflikt.

Saman med kyrkjene i Noreg jobbar Kirkens Nødhjelp med akutt bistand i katastrofar, til dømes blant flyktningar frå Ukraina og jord-skjelvramma i Syria, og med langsiktige prosjekt for å redusere nød og fattigdom i verda. Kirkens Nødhjelp arbeider for fred og rettferd og for å redde liv.

I fasteaksjonen samlar me inn pengar til dette livsviktige arbeidet. Ta vel imot bøsseberarane. Du kan også gje på Vipps 2426, mobil 2426, kontonummer: 1594.22.87493.





Natur og kyrkje og historie
spelar med og skapar mektige
kulissar for Kinnaspelet.
Foto: Roar Halvåg

Reis til øya Kinn og bli rik!

*I fjor sommar var eg på Kinn, øya ute i havgapet ein halvtimes båttur frå Florø.
Her tek den storslåtte naturen tak i ein. Her syng historia til oss..*

Eg såg Kinnaspelet, dette storslåtte dramaet kalla «Songen ved det store djup», eit av dei eldste og best etablerte historiske spela i Noreg. Det går mot ny sommar, nytt Kinnaspel.

Særmerkt øy

Å reisa til Kinn er som å koma inn i ein moderne mellomalder. Hamn og hytter møter ein, gamle hus, men berre tre fastbuande. Går me til nordvestsida av Kinn, møter me ei anna verd. Her er den særmerkte Kinnakyrkja, ei steinkyrkje i romansk stil frå 1100-talet.

Øya Kinn er berre 7,3 kvadratkilometer stor. Det meste av øya er fjell, Kinnafjellet er høgste toppen på 315 meter. Sørvest på øya ligg den spesielle og vidgjetne Kinnaklova som har vore eit viktig siglingsmerke i hundrevis av år.

Så merkeleg å byggja ei kyrkje her, tenkjer eg, på denne øya, så langt vest du kan koma i Noreg! Ingen veit sikkert kven som bygde kyrkja. Gamle legender fortel om heilage menn frå øyrika i Irskesjøen som busette seg her, truleg på 900-talet.

Naturen spelar med

Før me går inn i Kinnakyrkja, ventar Kinnaspelet oss. Fleire hundre hadde teke turen, mange heilt frå Bergen, i eit utrueleg skiftande ver. Naturen spelar med i teaterstykket, fjell og sjø, holmar og skjer skaper ei ramme som tek pusten frå ein. Midt under framsyninga den dagen me var der, kom ei sterk haglskur.

Det er Rolf Losnegård som har skriva teaterstykket. Per Janke Jørgensen har komponert musikken. Og 200 frivillige deltek. Imponerende!

Mellomalder og reformasjon

Kva handlar Kinnaspelet om? Me må attende nokre hundreår, til 1537, til innføringa av reformasjonen i Noreg. Det er slutt på katolisismen. No er det Luthers lære som gjeld, og kongen i København bestemmer. Korleis skal prest og kyrkjelyd møta dette? Eit viktig historisk bakteppe i teaterstykket handlar om tre irske systre på 900-talet: St. Sunniva, Borni og Ingeborg. Dei rømte frå ukristelege vikingar i kvar sin båt. Utan segl og årer let dei tre prinsessene seg drive over havet frå Irland. Dei lova Gud at der dei kom i land, skulle dei bygge ei kyrkje. St. Sunniva kom til øya Selja, Borni til Kinn. Den tredje systera, Ingeborg, kom truleg til Moster.

Komplisert? Jodå. Det er legender og historie som danner miljø og bakgrunn for Kinnaspelet. Men nerven i spelet ligg i meir allmenne konflikter: Tru og tvil, von og mismot, kjærleik og svik, opprør og undertrykking. Og det store spørsmålet: Kva verdier i livet er det verdt å halde fast på?

Vakre Kinnakyrkja

Etterpå går me inn i Kinnakyrkja. Her møter det interessante lektoriet oss. Det er eit galleri som går tvers over austveggen i skipet. Utskore i tre finn me Jesus med dei 12 apostlane, omgitt av to basunenglar.



To deltakarar i Kinnaspelet, Erling Bakke Nydal og dottera Live. Erling var prest på Ål for nokre år sidan. No er han sokneprest i Florø. Foto: Birger Bolstad

I kyrkja er tre helgenfigurar frå katolsk tid. Dei tre er Sta. Barbara, Sta. Katarina og Maria Magdalena. Norske protestantiske kyrkjer vart stort sett reinska for slike kunstverk under reformasjonen. Men i den folkelege tradisjonen har desse blitt til dei tre systrene me høyrer om i Sunnivalegenda og segna om Kinnakyrkja.

«Dra til Kinn og bli rik», heiter det i eit gammalt ordtak. Det viser nok til eventyrleg sildefiske som lokka fleire tusen menneske til Kinn på 1800-talet. Med øya Kinn, Kinnakyrkja og Kinnaspelet får du i dag rike opplevingar som du aldri vil gløyma. I år er den store helga 17. og 18. juni.



Blant publikum under Kinnaspelet finn me kantoren vår frå Ål, Audun Flaen, og kona Kristin. Foto: Birger Bolstad

Skjelvande glad biskop frå Ål

Det var med «skjelvande glede», som ho sa det, Ragnhild Jepsen, då ho 10. februar vart presentert som den nye biskopen i Bjørgvin. 16. april blir den utflytta ålingen vigsla til biskop i Bergen domkyrkje. - Eg ser med begeistring fram til tenesta som biskop i Bjørgvin, sa ho under presentasjonen.

Fyrste kvinne i Bjørgvin

Ragnhild Jepsen er 54 år og hadde sine barne- og ungdomsår her i bygda. Ho er dotter til lærarparet Aud og Håkon Jepsen. I september 1997 vart ho ordinert til prest i Ål kyrkje og tok så til som kapellan på Rena i Østerdalen. I 2003 vart ho kapellan i Nidarosdomen og seinare både sokneprest og domprost same stad. Jepsen har fleire gonger vore på tale som biskop, også her i Tunsberg, dugande som ho er. Denne gongen nådde ho altså opp.

Det var tre aktuelle bispe-

kandidatar til Bjørgvin: Sokneprest Sunniva Gylver, sokneprest Kjersti Gautestad Norheim og altså Ragnhild Jepsen, som fekk flest røyster i Kyrkjerådet.

Jepsen blir med denne utnemninga den fyrste kvinnelege biskopen i Bjørgvin. Bispedømet har hatt 35 biskopar før henne. Jepsen overtek etter biskop Halvor Nordhaug som har gått av med pensjon.

Det er til saman 12 biskopar i landet. Jepsen blir altså ein av sju kvinner.

Ser ut over landegrensene

Under presentasjonen løfta Jepsen blikket ut over landegrensene, både i rom og tid. Ho trekte fram verdshendingane den siste tida, jordskjelvet i Tyrkia og Syria og krigen i Ukraina:

– Vi lid med dei som no kjempar mot kulda og øydeleggingar. Vi ber for og gret med dei som sørgjer. For vi er sett for å bere håp til verda. Vi skal la Kristi hjarteslag banke hardt og godt for alle som treng kjærleik og omsut.

«For vi er sett for å bere håp til verda.»

Jepsen viste også til at Bjørgvin bispedøme har ein særleg tradisjon for å vende blikket over hav og over grenser. Det er biskopen i Bjørgvin som har tilsyn med Sjømannskyrkja og alle som har si viktige teneste der:

– Sidan Sunniva sette seg i båten og let den miskunnsame Gud føre seg til Selje (sjå reportasje frå Kinn på side 4), har dette bispedømet levd med ein særleg tradisjon med å vende blikket utover, over hav og over grenser, sa Jepsen.



Frå kyrkjemøtet 2022 i Trondheim. Domprost Ragnhild Jepsen, påtroppande biskop i Bjørgvin, leia høgmesse. Inga Stoveland Dekko var tekstlesar og May Jorunn Luksengard døvetolk, alle frå Ål.

Foto: Den norske kyrkje

Tydeleg, brubyggjar

Mange har gratulert Jepsen med utnemninga til biskop. Kyrkjerådsleiar Kristin Gunleiksrud Raaum helsa henne på denne måten:

– Med Ragnhild Jepsen får Bjørgvin og Den norske kyrkja ein av Norges fremste liturgar som biskop. Ein biskop som syng så vi høyrer glimt av Gud, ein brubyggjar og ein tydeleg biskop med lang og solid leiarerfaring og stor varme.

Den nye kyrkjelydspedagogen

27-årige Elisabeth Husøy er tilsett som ny kyrkjelydspedagog her på Ål. Ho startar opp i stillinga 1. juni. Elisabeth kjem frå tilsvarande jobb i Rælingen.

Ål kyrkjelege fellelsråd har vore utan trusopplærar nokre månader. Det er difor med stor glede og forventningar me kan ønska ho velkomen til Ål.

Elisabeth Husøy har fagbrev i barne- og ungdomsarbeidarfaget. Ho har eit årsstudium i praktisk teologi bak seg samt ein bachelorgrad i spesialpedagogikk. Elisabeth har noko arbeidserfaring frå

barnehage og barneskule og har elles røynsle som frivillig ungdomsleiar i kyrkjelyden der ho har vakse opp.

Året etter at ho vart konfirmert byrja ho på leiartreningskurs og var med på tilskipingar her - som Tårnagenthelg, Lys Vaken, feriekubb, konfirmantleir m.m. - heilt fram til i fjor haust,

Elisabeth trivst godt å jobbe med born og unge. - Eg gler meg til å begynne som kyrkjelydspedagog på Ål, seier ho.

Velkomen!



Konfirmantar våren 2023

Torpo kyrkje søndag 7. mai

Elida Hagen
Nora Karterud Sørensen
Odin Korrell Holt
Silje Løstegård Gilen
Sindre Haugo

Ål kyrkje søndag 14. mai

Henning Steinbråten Halvorsgard
Julie Hovdegard
Kasper Runningshaugen-Wikstrand
Maja Svanaasen Prestelie
Mikkel Gunhildgard Tveito
Roar Magnetun-Sjemmedal
Trym Leander Amundsen
Vera Vemundsdatter Gudbrandsgard

Ål kyrkje laurdag 3. juni

Adrian Nikolai Fuglesang Tveito
Alexandra Reshmadatter Roen
Benjamin Bø
Diis-Eirin Moholt Kolsrud
Eira Maria Kaslegard
Frida Hanssen Moen
Hanne Sataslåtten
Ida Hagen Aasvanger
Isak Etterlid Tveito
Julian Norø Vissebråten
Lars Viana Skogum
Peelada Pete Martinsen
Silja Kvalheim Nedreberg
Stian Søla Evjen
Vemund Skår-Ekse

Leveld kyrkje 4. juni

Birgit Tveito Berg
Ingrid Marie Ødelien
Ingunn Thoen
Iselin Lappegard
Mari Haug Koksvik
Stella Solberg Skalle

Kyrkja treng fleire frivillige

Vil du vera med som frivillig, som tekstlesar eller kyrkjevert i gudstenestene, synge i kyrkjekoret, vera saman med borna «Etter skuletid», delta i diakoniarbeid m.m.? Det er alltid plass til deg.

Soknerådet for Leveld, Torpo og Ål skriv i sin årsrapport mellom anna dette om behovet:

«Kyrkja i Ål er prega av mykje frivillig arbeid. Dette gjeld arbeidet med gudstenestene, diakoni osv. Utan frivillig innsats var det ein del tiltak som ikkje kunne gjennomførast, men no treng me fleire frivillige. Dette må soknerådet arbeide med. Soknerådet vil takke dei frivillige for alt det dei gjer.»

Soknerådet konkluderer slik i årsmeldinga:

«Året 2022 var noko prega av utfordringar med coronarestriksjonar og personalmanglar. På tross av dette har det vore gjort mykje godt arbeid i kyrkjelydane våre. Dette har tilsette og frivillige gjort saman. Dette skal me ta vare på og vidareutvikle i omtanke og omsorg for kvarandre.»

Nystølkyrkja skal beisast

Nystølkyrkja er ei flott fjellkyrkje i Nystølanelane. Trettestølanelane stålssameige på Votndalsåsen. No er det naudsynt å beise opp att yttervegane. Då treng me at fleire støttar arbeidet økonomisk, skriv Håvard Holeplass i styret for Nystølkyrkja til kyrkjebladet.

Det er Ål Normisjon som eig bygg og tomt, men det er eit eige styre som har med økonomi, arrangement og drift /vedlikehald å gjera. Kvart år er her fleire kristne møte, Olsokgudsteneste, i blant dåp /bryllup, konsertar, og ved snøføre også påskegudsteneste.

Styret for Nystølkyrkja håpar du vil støtte beisinga økonomisk: Bankkonto-nummer er 2320 20 05438 og Vipps 529 488. Merk helst betalinga «Nystølkyrkja beising».



Konsert med Ål kantori

Ål kantori går stadig nye vegar. I november framførte dei sterke, religiøse folketonar som tilhørarane aldri vil gløyma. Dette året har dei øvd på songar av den kjente salmediktaren Trygve Bjerkheim.

Onsdag 19. april klokka 19 har kantoriet songkveld med Bjerkheim-salmar i Ål kyrkje, og tysdag 18. april, dagen før altså, konsert i Hemsedal kyrkje.

Nytt frå kyrkja?

Kyrkjebladet kjem ut sjeldan. Fylg derfor med på heimesida vår www.aal.kyrkja.no, Facebook-sidene til kyrkjene i Ål og Hallingdal og les Hallingdølen om det er noko nytt frå kyrkja.

Neste nummer av kyrkjebladet kjem ut rundt 12. juni.

Arr. B-karad'n
www.bekarweb.no

B-karad'n sin tradisjonsrike PÅSKEKONSERT



Ons. 5.april 2023,
kl. 19.00

Ål Kyrkje

Pris: 200 kr. – Barn gratis.

Bill. i døra: Vipps/ kontant

Per Ove Nybråten bind det heile saman med tekstlesing.

Velkommen til ein fin start på påkehøgtida saman med oss!

VI GÅR I KYRKJA

APRIL

02.04.2023	
Nystølskyrkja	12:00
Ål kyrkje	19:00

06.04.2023	
Torpo kyrkje	11:00
Vats fjellkyrkje	11:00
Sangefjell naturkatedral	13:00
Ål kyrkje	19:00

07.04.2023	
Ål kyrkje	11:00
Leveld kyrkje	19:00

09.04.2023	
Leveld kyrkje	11:00
Ål kyrkje	11:00
Nystølhovda på Opheimsåsen	13:30

16.04.2023	
Ål kyrkje	11:00

23.04.2023	
Torpo kyrkje	11:00
Ål kyrkje	18:00
30.04.2023	
Leveld kyrkje	11:00

MAI

01.05.2023	
Ål kyrkje	19:00

07.05.2023	
Torpo kyrkje	11:10

14.05.2023	
Ål kyrkje	11:00

17.05.2023	
Ål kyrkje	10:00
Torpo kyrkje	11:00
Leveld kyrkje	11:30

18.05.2023	
Torpo kyrkje	11:00

21.05.2023	
Ål kyrkje	11:00

27.05.2023	
Ål kyrkje	11:00

28.05.2023	
Ål kyrkje	11:00

29.05.2023	
Torpo kyrkje	11:00
Ål kyrkje	18:00

JUNI

03.06.2023	
Ål kyrkje	12:00

04.06.2023	
Ål bygdemuseum	11:00
Leveld kyrkje	11:00

11.06.2023	
Torpo kyrkje	11:00

18.06.2023	
Ål kyrkje	11:00

25.06.2023	
Leveld kyrkje	11:00

DØYPTE

Ål	
27.11.2022	David Abass Paulino
27.11.2022	Tuva Ness Haug

Torpo	
30.10.2022	Maja Holm Tveito

DØDE

Leveld		
05.11.2022	Harald Eilif Kristiansen	f.1946
06.12.2022	Ola L.Luksengard	f.1927

Ål		
07.08.2022	Aslaug Brattåker	f.1943
06.11.2022	Gunvor Torkelsgard	f.1929
24.01.2023	Tonette Økland	f.1934
03.02.2023	Håvard Sataslåtten	f.1950
15.02.2023	Ragnhild S. Kjelland	f.1931

Torpo		
30.12.2022	Jon O. Hefte	f.1925

Formiddagstreff

Velkommen til Formiddagstreff i Ål kyrkje-stugu og Vats bedehus. Møta er for alle som er interesserte og ledige på dagtid onsdagar.

Kyrkjestugu klokka 11- 13

3. mai: Magne Haugen fortel frå boka si om Djup.
Andakt: Toril Sønsteby

7. juni: Eldgrim Springard og Hilde Kirkebøen: «Gro Gudmundsrud som reiste til Amerika rundt 1860»
Andakt: Hilde Kirkebøen

Vats bedehus klokka 12 - 14

29. mars: Frithjof Raudstaden: «Jørgen Moe - fra Ringerike»
Andakt: Ingvard Solberg

26. april

Tor Warberg: «Falskmynterane»
Andakt: Mårfrid Bergaplass Anderson

Det blir kaffe, påsmurt mat og kaker.
Kollekt til diakonienmda, som er med på å dekke utgifter til treffa.



Gravstell

Ål kyrkjelege fellesråd tilbyr gravstell på kyrkjegardane i Leveld, Torpo og Ål. For at kyrkja skal ta på seg dette, er det nødvendig at der er plantekasse som vist i illustrasjonen. Det er plantekasser i ulike storleikar. Sjå avtaleskjema på nettsida vår www.aal.kyrkja.no

Frist for å teikne ny avtale om gravstell er 15. mai. Avtale inngått etter denne datoen gjeld frå neste år. Interesserte kan senda inn avtale pr post eller pr mail.

Open kyrkje

Ål kyrkje er open i kontortida.

Glade babyar og småborn

Elin E. Tveito, som også arbeider på kyrkjekontoret, har i vinter hatt baby- og småbarnsong for alle i alderen 0-3 år. 5-10 mødre og fedre har delteke med song, prat og lunsj i kyrkjestugu. – Me møtest annakvar måndag i partalsveker klokka 11-13, seier Elin.

Fire små deltakarar:
Fabian, Tuva og tvillingane Isak og Mikkel



Alvor og leik i kyrkja

Sundag 19. februar var ei livleg og litt annsleis gudsteneste i Ål kyrkje. Folkemusikk-gudstenesta hadde gode musikkarar, «The source» kalla dei seg. Og sokneprest Geir Wiknes heldt ei fin preike om å feire livet og setja ting litt på hovudet.

Fastelavnssundag og karneval er nemleg ein fest i kyrkja før fastetida startar. Karneval tyder «farvel kjøtt». Over heile verda markerer karneval inngangen til fastetida. I fastetida har tradisjonen vore at ein skal avstå frå

kjøtt, leva enkelt og førebu seg på påskebodskapen.

– I kyrkja er det rom for heile livet: leik og alvor, liv og død. Når kyrkja inviterer til karnevalsgudsteneste, er det nettopp for å ta både livets alvor og leik inn i kyrkja, seier Kristin Gunleiksrud Raaum, kirkerådsleiar i Den norske kyrkje.

Fastetida varar i 40 dagar frå oske- onsdag 22. februar til påskeeffan – minus sundagane, som ikkje er fastedagar.



Glede og moro og utkleddes til karnevalet. Ingrid, Helle og Emil Skrindo-Tveito Sørli, og Alma Vestenfor Gullhagen. Prost Sveinung er bak alteret. Foto: Trond Augunset



Foto: Bo Mathisen

Velkommen!



Foto: Bo Mathisen

DROP-IN-DAG

**I Ål kyrkje
27. mai 2023**

Tenkte de på dåp, men så vart det aldri noko av? Hadde det vore fint å vere gift, men utan så mykje organisering og oppstyr? Er de usikre på korleis de går fram? Vi har løysinga for dykk! Vi har reservert Ål kyrkje Pinseaftan frå klokka 12–15 for å feire livet og kjærleiken.

Vi har lokale, vi har musikk, vi har bobler til brudepar og kaffe og kake til dåps-familiar.

Slik skjer det:

De kan melde dykk på i forkant, men det er ikkje naudsynt. De blir tatt i mot i Kyrkjestugu og registrert. De får ei kort samtale med presten før vi byrjar.

Det einaste de må ta med, er gyldig ID/ registrering av fødsel i Folkeregisteret, og samtykke frå begge foreldre ved dåp av barn under 15 år. Par som vil gifte seg, må ha med Prøvingsattest for inngåing av ekteskap (skatteetaten.no). Vi stiller med vitne til både dåp og bryllaup!

Både vigsel og dåp skjer i kyrkjerommet i Ål kyrkje. Vil de ha med nokre gjester, er det heilt greitt! Vi bruker omlag 20 minutt til kvart bryllaup, 15 minutt til dåp. Dåp har ingen aldersgrense – både nyfødde, eldre born, ungdom og godt vaksne kan bli døypte.

Vigselen er like gyldig og like høgtideleg, berre med mindre planlegging. Etterpå blir det kaffe og kake (bobler til dei nygifte). Alle par og familiar er velkomne, uansett kjønn og legning!

Har de spørsmål?

Ta kontakt med kyrkjekontoret eller sokneprest Geir Wiknes.

**Kyrkje-
valet
2023**

11. september er det val til nye sokneråd i Den norske kyrkje. Dette gjeld også for Leveld, Torpo og Ål sokn. Dette er same dagen som kommune- og fylkestingsvalet.

Medlemmer i Den norske kyrkje, som er 15 år eller eldre i valåret, kan velja kven som skal styra sin lokale

kyrkjelyd, og også velja kven som skal få plass i bispedømerådet og med det møta på Kyrkjemøtet.

I vinter har nominasjonskomiteane for Leveld, Torpo og Ål sokn arbeid med å setja opp kandidatlistar til soknerådvalet. Dei ferdige vallis-tene presenterer me seinare.

Så vil det vera opp til deg å finna vegen til stemmelokalet på valdagen – og røyste. Eller du kan stemme på førehand frå 10. august. Nytt i år er at du kan førehandsrøyste digitalt.

Meir informasjon om kyrkjevalet på nettsida www.kyrkjevalet.no